

Innspel budsjett 2026 – Ole Kristian Haddal

Nedlegging av krinsskular vert ofte framstilt som nødvendige økonomiske grep. Men ny forskning viser at konsekvensane for elevane kan vere alvorlege og langvarige. Å byggje ned nærskulen er å byggje ned lokalsamfunnet – og det er eit val vi ikkje kan ta lett på.

Vi har i ei årrekkje høyrte dei same diskusjonane om skulenedlegging ute i krinsane. Gong etter gong er det bygdene som må stå for hogg, medan ingen ser ut til å vurdere endringar i kringsgrenser eller skulestrukturen i sjølve Hareid sentrum.

Har kommunen fått betre økonomi etter tidlegare nedleggingar – som Brandal skule eller Hjørungavåg barnehage? Svaret er nei. Økonomien har ikkje betra seg, medan vi innbyggjarar betaler meir i skatt og avgifter, og får dårlegare tilbod tilbake.

Likevel får vi no presentert eit tal – seks millionar kroner – som argument for å leggje ned Hjørungavåg skule. Korleis denne summen er rekna ut, er uklart. Det verkar meir som eit tal trekt ut av hatten enn eit resultat av reelle utgreiingar. Dette liknar økonomisk trylling, ikkje ansvarleg politikk.

Vi har høyrte det før: store lovnader om innsparing. Men kvar gong desse planane vert etterprøva, fell tala saman. Rapportar har vore så fulle av feil at dei har blitt plukka frå kvarandre, fjør for fjør.

Hjørungavåg skule er i dag halden ved like av foreldra sjølve. Foreldre køyrer born til symjing, teater og aktivitetar, samlar inn pengar og held skulekvardagen i gang. Dette er arbeid og ressursar som aldri viser igjen i eit kommunalt budsjett – men som er heilt avgjerande for eit levande skulemiljø. Når skulen vert lagd ned, forsvinn alt dette.

Og kva ventar i staden? Hundre elevar som skal pressast inn på andre skular, kanskje i Moelven-brakker. Det er ikkje berre uakseptabelt – det kan vere ulovleg. Kva vert kostnaden for ein slik brakkerigg, eller for bussing av hundre elevar tur-retur kvar dag? Desse tala glimrar med sitt fråvær.

Den påståtte innsparing på seks millionar kroner er eit luftslott. Når kostnader og konsekvensar vert tekne med, er det ingen pengar spart – berre tapte verdiar, tapte fellesskap og tapte moglegheiter for barna våre.

Ny forskning støttar dette: skulenedleggingar gir ikkje betre læring – dei svekkjer henne.

«Skulenedleggingar og samanslåingar kan gi langvarige negative konsekvensar for elevane si læring – særleg for dei mest sårbare,» viser ei ny kunnskapsoppsummering. Når elevar må bytte skulemiljø, oppstår ein forstyrningseffekt som svekkjer motivasjon, trivsel og prestasjonar.

Kunnskapsdepartementet har no bestilt vidare forskning for å kartleggje konsekvensane av skulenedleggingar i Noreg. Målet er å hindre at endringar i skulestrukturen rammar dei som treng mest støtte – og sikre at fellesskulen held fram som eit verkty for sosial utjamning.

Dette handlar ikkje om å setje bygder opp mot kvarandre. Det handlar om framtida for heile kommunen. Ei samanslåing til ein storskule på Hareid tener berre kommunebudsjettet her og no. Om fem år står vi truleg i same situasjon, med nye «innsparingar» og nye kutt – då er det siste krunsskule som står for tur.

Eg håpar inderleg at vi i Hareid kommune står saman om skulane våre, og beheld dagens struktur. For dette handlar ikkje berre om kroner og øre – det handlar om fellesskap, identitet og å gje borna våre ein trygg og nær skulekvardag.

Å leggje ned ein skule som Hjørungavåg er ikkje eit rekneskapsvedtak. Det er eit verdival. Og dei som no vel å stemme for dette, må vere budde på å møte sambygdingane på butikken, på dugnad og på andre felles arenaer – og kunne stå for vedtaket med rak rygg.